ALVER
KOMMUNE

Eiendomsmegler Vest AS Nordhordland
Postboks 7999
5020 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Laila Bjørge | 24.11.2021 |
| Vår: 21/8525 - 21/79747 | laila.bjorge@alver.kommune.no | |

# Korrigering av administrativt vedtak -saknr: 1099/21 - innvilga konsesjon for overtaking av - gbnr 23/1 Svindal

**Administrativt vedtak: Saknr: 1268/21**

**VEDTAK:**
**Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9 og 11 konsesjon til Per Bergersenfor og Nina Undheim Hauge for overtaking av GBNR 23/1 - Svindal i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 3 500 000.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga under og adm vedtak i sak 1099/2 .**

**Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vilfå melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing**

**Saka gjeld**
Syner til saksutgreiing og administrativt vedtak 1099/21.

Ved ein inkurie vart det ikkje registrert at det var to søkjarar om på konsesjon på denne eigedomen. Føremålet for drift av eigedomen er det same i begge søknadane, og dei har kryssa av for at dei skal bu på eigedomen.

Konsesjonssøkjarane er Per Bergesen og Nina Undheim Hauge og dei skal eiga ein ideell halvdel kvar. Nina Undheim Hauge har erfaring frå gardsarbeid og skal busetja seg på eigedomen.

**VURDERING**:
Syner til saksutgreiing i adm vedtak 1099/2.1 At det er to søkjarar endrar ikkje vurderingane som låg til grunn for konsesjonsvedtaket som vart gjort i sak 1099/2, og dette er ei retting av

feil gjort av kommunen. Det er to søkjarar som skal bu og driva eigedomen saman, og konsesjon vert innvilga som omsøkt.

**Regelverk**

- Konsesjonslova
- Rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks-og matdepartemente

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/8525»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>Tenesteleiar | Laila Bjørge<br>Avdelingsleiar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Eiendomsmegler Vest AS Nordhordland | Postboks 7999 | 5020 | BERGEN |
| Nina Undheim Hauge | Tveitastø 4 | 5913 | EIKANGERVÅG |
| Per Bergersen | Skeismyra 59 | 5217 | HAGAVIK |